

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Fagskolen Vestland, studiestad Hjeltnes Hjeltnesvegen 185, 5730 Ulvik
Dato:	19.08.2026
Tid:	Kl. 10:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet blir meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melde forfall, blir dei bedne om å gjere dette snarast til Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Program

- Kl. 10:00 Velkommen v/styreleiar og rektor
- Kl. 10:20 Omvising og orientering frå studiestad Hjeltnes
- Kl. 11:30 Sakshandsaming
- Kl. 12:00 Lunsj
- Kl. 13:00 Orientering om NOKUT-tilsyn
- Kl. 14:00 Sakshandsaming og orienteringar til møtet kan avsluttast
- Kl. 15:00 Tentativ slutt

Oddmund Klakegg

Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 09/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 10/26	Godkjenning av møteprotokoll frå 12.06.2026	2022/486	

Referatsaker

RS 11/26	Val av ny studentrepresentant til styret for Fagskulen Vestland	2022/486
RS 12/26	Rekneskap 2. kvartal	2022/486
RS 13/26	Orientering om risiko og sårbarheit med mangelfulle studieadministrative system	2022/486

Vedtakssaker

VS 11/26	Nominasjon av tiltak til Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning 2026	2022/486
VS 12/26	System for kvalitetsarbeid	2022/486

Eventuelt

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Nettmøte
Dato:	12.06.2026
Tid:	Kl. 09:00 – 10:45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Leiar	Eigar (Sp)
Karianne Alette Torvanger	Nestleiar	Eigar (Ap)
Gustav Bahun	Medlem	Eigar (FrP)
Tora Hodneland Kildehaug	Medlem	Eigar (H)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Bjørn Lyngedal	Medlem	Eigar (Adm.)
Wenny Irene Hansen	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Trond Vedvik	Medlem	Tilsette
Leon Gaebpie Jensen	Medlem	Studentar

Følgjande faste medlemmer melde forfall:

Namn	Funksjon	Representerer

Merknader

Representanten Klakegg deltok i møtet fram til kl. 10:25, og var ikkje til stades under handsaminga av eventueltsak «Status på val av ny lokasjon for Fagskolen Vestland i Bergen». Representanten Torvanger tredde inn som møteleiar frå kl. 10:25.

Følgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Eilert Årseth	Prorektor for utdanning
Hege Aarethun	Administrasjonsleiar
Ingrid Fagerheim Sættem	Juridisk rådgjevar/møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
GK 07/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 08/26	Godkjenning av møteprotokoll frå 27.04.2026	2022/486	

Referatsaker

RS 09/26	Tilbakemelding på lokalt inntak	2022/486	
RS 10/26	Opning av NOKUT-tilsyn med kvalitetsarbeidet ved Fagskulen Vestland	2022/486	

Vedtakssaker

VS 09/26	Høringsuttale – forslag til ny fagskuleforskrift og endringar i fagskulelova	2022/486	
VS 10/26	Akkreditering av ny utdanning: Kalkulasjon og mengdelære (30 stp)	2022/486	

Eventuelt

Orientering om arbeidet med nye retningslinjer for bruk av KI ved fagskulen

Status på situasjonen ved Campus Verftet

Orientering om mogleg flytting av Fagskulen Vestland avd. Voss frå Voss vidaregåande skule til Voss gymnas

Status på val av ny lokasjon for Fagskulen Vestland i Bergen

Godkjenningssaker

GK 07/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 12.06.2026

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

Torbjørn Mjelstad (rektor Fagskulen Vestland) melde inn følgjande saker til eventuelt:

- Orientering om arbeidet med nye retningslinjer for bruk av KI ved fagskulen
- Status på situasjonen ved Campus Verftet
- Orientering om mogleg flytting av Fagskulen Vestland avd. Voss frå Voss vidaregåande skule til Voss gymnas

Tora Hodneland Kildehaug (H) melde inn følgjande saker til eventuelt:

- Status på val av ny lokasjon for Fagskulen Vestland i Bergen

Med dei fire eventueltsakene over vart saklista godkjent.

GK 08/26 Godkjenning av møteprotokoll frå 27.04.2026

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 12.06.2026

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

Habilitet

Ingen av medlemmene vart vurdert som ugild.

Referatsaker

RS 09/26 Tilbakemelding på lokalt inntak

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 12.06.2026

Saka vart referert.

RS 10/26 Opning av NOKUT-tilsyn med kvalitetsarbeidet ved Fagskulen Vestland

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 12.06.2026

Saka vart referert.

Vedtakssaker

VS 09/26 Høyringsuttale – forslag til ny fagskuleforskrift og endringar i fagskulelova

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland gir høyringsuttale om forslag til ny forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning og forslag til endringar i fagskulelova slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 12.06.2026

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland gir høyringsuttale om forslag til ny forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning og forslag til endringar i fagskulelova slik det kjem fram av saka.

VS 10/26 Akkreditering av ny utdanning: Kalkulasjon og mengdelære (30 stp)

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga «Kalkulasjon og mengdelære» (30 stp).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Stord og Nordnes.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 12.06.2026

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga «Kalkulasjon og mengdelære» (30 stp).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Stord og Nordnes.

Eventuelt

Orientering om arbeidet med nye retningslinjer for bruk av KI ved fagskulen

Rektor og administrasjonsleiar ved Fagskulen Vestland orienterte om arbeidet med å utarbeide nye retningslinjer for bruk av KI ved fagskulen. Orienteringa hadde til hensikt å svare ut ein førespurnad frå tilsett- og studentrepresentanten i styret om korleis dei tilsette og studentane ved Fagskulen Vestland skal forhalde seg til og bruke KI.

Styret vart samde om at administrasjonen ved fagskulen skal leggje fram sak om bruk av KI på eit fysisk styremøte.

Status på situasjonen ved Campus Verftet

Prorektor for utdanning ved Fagskulen Vestland orienterte styret om status på situasjonen ved Campus Verftet i Førde. Styret var samd i at det er naudsynt å få på plass ny avtale som ivaretek fagskulen sitt behov raskt, og at dette bør fremjast som sak enten internt eller politisk.

Styreleiar vil adressere situasjonen i eigarmøte 22. juni 2026.

Orientering om mogleg flytting av Fagskulen Vestland avd. Voss frå Voss vidaregåande skule til Voss gymnas

Rektor ved Fagskulen Vestland orienterte styret om ei mogleg flytting av studiestaden på Voss frå Voss vidaregåande skule til Voss gymnas. Årsaka er at det skal opprettast ei ekstra klasse på naturbrukslinja på Voss vidaregåande skule, noko som fører til plassmangel ved skulen.

Administrasjonen skal orientere styret om den vidare utviklinga på neste styremøte.

Status på val av ny lokasjon for Fagskulen Vestland i Bergen

Representanten Tora Hodneland Kildehaug (H) bad om ei statusoppdatering på val av ny lokasjon for Fagskulen Vestland i Bergen. Rektor ved fagskulen orienterte om status.

Administrasjonen skal leggje fram orientering til styret på neste styremøte dersom det kjem ny informasjon i saka.

Saksnr:	2022/486-278
Saksbehandlar	Ingrid Fagerheim Sættem
Dato:	12.08.2026

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Val av ny studentrepresentant til styret for Fagskulen Vestland

Det er gjennomført val av ny president for studentrådet ved Fagskulen Vestland. Miłosz Jan Gosiewski tar over vervet etter Leon Gaebpie Jensen, og vil i studieåret 2026/2027 vere studentane sin fremste representant og talsperson overfor fagskulen og eksterne samarbeidspartnarar. Gosiewski studerer til maskinoffiser ved studiestad Nygård i Bergen.

Den nyvalde presidenten går inn som studentrepresentant i fagskulestyret frå 1. juli 2026.

Det er pr. august 2026 ikkje valt visepresident for studentrådet ved fagskulen. Visepresidenten vil gå inn som vara for Gosiewski i styret. Val av visepresident vil gjennomførast på første allmøte etter studiestart, i starten av september.

Saksnr:	2022/486-281
Saksbehandlar	Lars Arne Førde
Dato:	12.08.2026

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap 2. kvartal 2026

Det er førebels ikkje indikasjonar på at Fagskulen Vestland ikkje vil gå i balanse eller betre for år 2026.

Rekneskap:				
	Rekneskap 1 kv 26	Rekneskap 2 kv 26	Rekneskap per juni 26	Årsbudsjett 2026
Tilskott (statleg)	86 866 000	-	86 866 000	180 232 000 5)
Tilskott (VLFK)	2 780 102	2 780 102	5 560 205	11 120 409 4)
Studieavgift	3 522 100	(3 650)	3 518 450	6 900 000
Administrasjon og leing	(6 832 068)	(5 647 721)	(12 479 789)	(34 585 935) 5)
Undervisning inkl undervisningsleiare	(38 497 133)	(30 030 323)	(68 527 456)	(164 951 800) 5)
Overført til investeringar	-	(2 605 033)	(2 605 033)	- 3)
Oppdragsverksemd	(334 406)	1 976 658	1 642 252	1 285 326 1)
Prosjekt i arbeid:				
Overført frå bundne fond				2)
Endring i prosjekter i arbeid				2)
Overført til bundne fond				2)
Mindreforbruk/(-meirforbruk)	47 504 595	(33 529 967)	13 974 629	-
Investeringsrekneskap (drift):				
	Rekneskap 1 kv 26	Rekneskap 2 kv 26	Rekneskap per juni 26	Årsbudsjett 2026
Investeringsmidlar (tilskott VLFK)	-			919 000
Investeringar	458 625	3 065 408	3 524 033	
Totalsum investeringar (drift) - både undervisning og administrasjon	458 625	3 065 408	3 524 033	919 000
Kommentarar:				
1) Ajour med fakturering				
2) Budsjett er ikkje lagt inn i Visma. Prosjektoppføljing skjer mot budsjett fastsatt/gjeve av ekstern oppdragsgjevar.				
Forventning om at prosjekter går i balanse eller pluss.				
3) Denne korrigering ved årsskift av VLFK sentralt, altså ikkje bokført foreløpig i Visma.				
4) Antar at ramme fra VLFK blir "utdelt" prorata gjennom året.				
5) Det kan ligge kostnader i budsjettet som i rekneskapet vil bli bokført om hausten.				

Anna:

Positivt disposisjonsfond frå år 2025 er totalt kr 7,8 mill., dette kjem i tillegg til budsjettet over.

Saksnr:	2022/486-283
Saksbehandlar	Kirsti Andrea Nordstrand
Dato:	12.08.2026

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Orientering om risiko og sårbarheit med mangelfulle studieadministrative system

Manglande eller utilstrekkeleg funksjonalitet i studieadministrative system fører til omfattande manuelle prosessar, fragmenterte arbeidsflytar og auka risiko for feil i kritiske data. Dette kan ha verknad på kvaliteten på studentinformasjon, rapportering, studieprogresjon og institusjonen si evne til å oppfylle lov- og forskriftskrav. Risikoen er særleg knytt til feilregistreringar, manglande sporbarheit og ineffektiv ressursbruk.

Fagskulen brukar analysen for å setje lys på risikoområde i kvalitetsarbeidet i eigenvurderinga som blir sendt til NOKUT 31. august.

Bakgrunn og situasjonsbeskriving

Studieadministrative system skal sikre korrekt, konsistent og oppdatert informasjon om studentar, emne, vurderingar, vitnemål og rapportering. Systemporteføljen består blant anna av verktøy utan integrasjonar - ofte Excel, manuelle skjema, e-post og lokale databasar - og mykje av databehandlinga blir utført manuelt. Dette aukar sårbarheita og reduserer kvaliteten på både drift og styringsinformasjon.

Studieadministrasjonen handterer store mengder data som er kritiske for studentar, fagmiljø, leiing og eksterne myndigheiter. Når systemstøtta er utilstrekkeleg, blir arbeidsflyten fragmentert og sårbar. Manuelle prosessar aukar risikoen for feil, og manglande sporbarheit gjer det vanskeleg å etterprøve endringar.

Det er over eit par år gjort ein del arbeid med innspel til kva det er behov for å forbetre i den eksisterande løysinga InSchool, men lite er gjort og det er vanskeleg å få til endringar i dette systemet.

Dette er ei utfordring for ein samla fagskulesektor, og fleire fagskular gjekk hausten 2025 saman om eit informasjonsskriv til fylkesdirektørane (vedlegg 1), der det også vart lagt ved ei detaljert liste over utfordringar og risiko (vedlegg 2).

Hovudutfordringar og moglege konsekvensar med enkle og lite integrerte system

a) Auka risiko for feilregistreringar

- Manuelle overføringar mellom system aukar sannsynet for tastefeil, feilformatert data og manglande oppdateringar.
- Manglande kopling til vitnemålsdatabase
- Manuelle overføringar mellom system aukar sannsynet for feil i vurderingsprotokollar, emnepåmeldingar, og vitnemålsgrunnlag.
- Manuell oppfølging, og bruk av «skyggerekneskap» i arbeidet med registreringar knytt til permisjonar og tilrettelegging pga manglande funksjonalitet i noverande system aukar sannsynet for feilregistrering og forseinka studieløp.

- Feil i t.d. vurderingsprotokollar, emnepåmeldingar eller vitnemålsgrunnlag kan få direkte konsekvensar for studentar, i verste fall feil studieprogresjon eller andre manglar når det gjeld rettar, og institusjonen sitt omdømme.

Dette aukar risikoen for:

- feil i vurderingsprotokollar og karakterregistrering
- feil i vitnemålsgrunnlag
- misbruk rundt vitnemål (forfalsking eller dersom det blir gjort ugyldig)
- feil i rapporterte data til myndigheiter

b) Manglande sporbarheit og internkontroll

- Ulike versjonar av lokale dokument gjer det krevjande å dokumentere kven som har gjort kva, og å etterprøve og dokumentere endringar.
- Dette kan vere med å svekke institusjonen si evne til å etterleve krav frå NOKUT, DNV og andre tilsynsorgan.
- Fleire prosessar blir handtert utanfor systemet, til dømes søknader og vedtak
- Systemet er ikkje godkjent som arkivkjerne, noko som krev manuell arkivering

Konsekvensar:

- svekka etterprøvbarheit
- risiko for avvik ved tilsyn

c) Risiko for feil i rapportering til myndigheiter

- Manglande funksjonalitet for korrekt DBH-rapportering fører til manuelle justeringar og skyggeregnskap, som igjen kan gi økonomiske konsekvensar og avvik.
- Manglande datakvalitet kan påverke institusjonen si evne til å dokumentere kvalitet i utdanninga.
- Enkelte data (t.d. karakterar registrert i ettertid) kjem ikkje automatisk med i rapportering

Konsekvensar:

- høg risiko for feilrapportering
- mogleg økonomisk tap og svekka tillit

d) Ressurskrevjande drift og sårbarheit

- Mykje tid går til manuelle kontrollar, dobbeltregistrering, feilretting og oppfølging av manglande systemfunksjonalitet.

Konsekvensar:

- Kompetanse blir bunde opp i rutinar som burde vore automatiserte.
- Systemavhengigheit av enkeltpersonar aukar sårbarheita ved fråvær.

Enkel risikoanalyse

Risiko	Sannsyn	Konsekvens	Risikonivå	Kommentar
Feilregistrering av studentdata	Høg	Høg	Raud	Omfattande manuelle prosessar. Kan påverke vitnemål, progresjon og studentrettar.

Risiko	Sannsyn	Konsekvens	Risikonivå	Kommentar
Feil i rapportering til myndigheter	Høg	Høg	Raud	Dokumentert behov for manuell korrigering. Kan gi økonomiske tap og avvik.
Manglande sporbarheit og dokumentasjon	Høg	Middels/Høg	Raud/Gul	Skyggesystem og manuell arkivering. Svekkar internkontroll og kvalitetssystem. Misbruk av vitnemål.
Ressurssløsing og ineffektiv drift	Høg	Middels	Gul	Systematisk ineffektiv drift. Reduserer kapasitet og kvalitet i administrasjonen.
Avhengigheit av enkeltpersonar	Middels	Middels	Gul	Spisskompetanse bunde til manuelle rutinar. Lokale løysingar gir sårbarheit ved frávær.

Samla vurdering: Risikonivået er vurdert som **høgt**, og risikoen er systematisk og vedvarande, og er strukturelt forankra i systemløysinga.

Vurdering

Dagens bruk av enkle og lite integrerte studieadministrative verktøy utgjør ein vesentleg risiko for fagskulen. Risikoen knytt til feilregistreringar og manglande sporbarheit er særleg alvorleg, då dette kan påverke studentar direkte og svekke institusjonen sitt omdømme og etterleving av regelverk.

Det er ikkje realistisk å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå utan betydeleg utbetring av eksisterande system eller å investere i meir robuste, integrerte og standardiserte systemløysingar. Samstundes vil betre systemstøtte frigjere ressursar, styrke datakvaliteten og redusere sårbarheit.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - ROS - utfordringer med InSchool for fagskolene - informasjon til fylkesdirektør 2025

Vedlegg 2 - ROS - detaljert beskrivelse av utfordringer

Internt notat

Tema: Utfordringer knyttet til bruk av InSchool for fagskolene

Dato: 30.10.2025

Til: Trøndelag fylkeskommune

Utarbeidet av: Tine Haugen, studieadministrativ leder ved Trøndelag høyere yrkesfagskole

1. Bakgrunn

InSchool (InS) benyttes i dag som studieadministrativt system ved flere fagskoler. Erfaringene viser imidlertid at systemet medfører betydelige utfordringer knyttet til effektivitet, datakvalitet og informasjonsflyt. Dette notatet redegjør for de viktigste utfordringene fagskolene opplever med InS, hvilke behov som må ivaretas i et hensiktsmessig studieadministrativt system, samt hvilke alternative løsninger som er kjent i sektoren.

2. Utfordringer med InSchool

Bruken av InS medfører at fagskolene i stor grad må føre skyggeregnskap og håndtere en rekke manuelle prosesser.

Hovedutfordringer:

- Manglende integrasjoner med sentrale systemer som Samordna opptak, DBH, Lånekassen og Vitnemålsportalen m.m.
- Manglende funksjonalitet for prosesser som lokalt opptak, studentsøknader, registrering og oppfølging/uthenting av nødvendige data.
- Fragmentert dataflyt, som fører til dobbeltarbeid og dårlig informasjonsdeling.

Konsekvensene er merkbare i sektoren:

- Høy risiko for feil i data, data på avveie og mangelfull datakvalitet.
- Stor frustrasjon og høy risiko for utbrenthet blant studieadministrativt ansatte på grunn av høy arbeidsbelastning.
- Lavere tjenestekvalitet og misnøye blant studenter, ansatte og ledelse.
- Negativ påvirkning på fagskolenes og eiernes omdømme.

En detaljert oversikt over mange av utfordringene finnes i vedlagt dokument. Utfordringene er ikke satt opp i prioritert rekkefølge. Det presiseres også at oversikten ikke er uttømmende, en fullstendig oversikt over alle utfordringer fagskolene har med InS krever mer tid og kapasitet til å gå grundigere til verks.

3. Fagskolenes behov

Fagskolene møter i dag økte krav til rapportering, samt behov for å tilby mer fleksible og kortere utdanninger. Samtidig øker søkermassen, både ved ordinært opptak, lokalt opptak og ved prosesser som godskriving, tilrettelegging og klagebehandling. Dette krever effektive og sikre administrative løsninger.

Den administrative belastningen er i stor grad lik, uavhengig av om utdanningen omfatter 120 studiepoeng eller kun 5. Dette understreker behovet for et moderne og helhetlig system.

Et fremtidsrettet studieadministrativt system for fagskolene må:

- Ivareta gjeldende lovkrav og studentenes rettigheter.
- Sikre GDPR-etterlevelse og høy datasikkerhet.
- Være brukervennlig for både ansatte, lærere og studenter.
- Ha integrasjoner med øvrige systemer for effektiv arbeidsflyt.
- Sikre korrekt og helhetlig rapportering uten behov for skyggeregnskap (DBH, Lånekassen, NOKUT, eier).
- Tilby relevant innsikt og styringsdata for strategiske beslutninger.

Vedlagt oversikt beskriver behovene nærmere, relatert til de identifiserte utfordringene i InS.

4. Kjente alternativer til InSchool

Fagskolene har kjennskap til følgende alternative systemer:

- FS (Felles Studentsystem)
- Studd
- Din kompetanse
- Skolesystemer

Kunnskapen om disse systemene er begrenset, og det er derfor behov for en nærmere kartlegging. FS og Studd har begge funksjonalitet utviklet for høyere utdanning, og FS er særlig kjent for sine integrasjoner mot sentrale utdanningssystemer. Det studieadministrative arbeidet ved høyskoler og universiteter er i stor grad sammenlignbart med fagskolenes behov.

Det er imidlertid uklart i hvilken grad FS eller andre alternativer dekker funksjonalitet knyttet til timeplanlegging, bemanningsplanlegging, lønn og økonomi.

For å kunne gi en faglig anbefaling kreves:

- En grundig presentasjon og vurdering av hvert aktuelt system.
- En vurdering av systemenes robusthet og utviklingsmuligheter i takt med endringer i sektoren og samfunnet.

5. Oppsummering

Dagens bruk av InSchool skaper betydelige utfordringer for fagskolene, både operativt og strategisk. For å sikre effektiv forvaltning, korrekt rapportering og god kvalitet i tjenestene, er det nødvendig med et helhetlig, integrert og fremtidsrettet studieadministrativt system.

Område	Utfordring i InS	Beskrivelse av utfordring	Konsekvenser	Fagskolens behov
Integrasjon	Manglende integrasjon Samordna opptak	Vi henter ut filer fra SU etter hovedopptaket og etter hvert supplieringsopptak som kjøres fra og med juni til og med september. Det blir mange filinnlesinger. Vi må også manuelt følge opp i InS dersom studenter plutselig sier fra seg plassen i SO. Dette krever mye oppfølging.	Merarbeid knyttet til innlesing av filer. Feil knyttet til innlesing av filer. Merarbeid knyttet til oppfølging av endringer i studentens svar på tilbud.	Integrasjon mot SU som vil bidra til mer automatisk flyt av data og mindre administrering knyttet til inntaket av studenter.
Integrasjon	Manglende integrasjon DBH	Filene som kommer ut fra InS har mangler i forhold til det vi skal rapportere på til DBH på grunn av manglende funksjonalitet i InS. Det er tidkrevende arbeid å manuelt kontrollere alle filer, for så å laste de opp til DBH som kjører kontroll på alle filer. Det blir ofte mange feilrapporter i retur før filen endelig er klar for opplasting.	Manuell bearbeidelse av rapporter. Høy risiko for feil i data. Dobbeltarbeid.	Integrasjon mot DBH som bidrar til å fjerne/reducere konsekvensene.
Integrasjon	Manglende integrasjon Lånekassen	Vi må melde inn utdanningsplan for alle aktive studier og godkjenne alle søknader i Lånekassen sitt system.	Manuell kontroll og merarbeid.	Integrasjon mot Lånekassen som bidrar til å redusere behovet for manuell kontroll.
Integrasjon	Manglende integrasjon eksamenssystem (WISEflow)	Må manuelt flytte filer med info om studenter som skal ta eksamen mellom InS og WISEflow. Det samme gjelder karakterer som blir satt, de må manuelt flyttes mellom systemene.	Manuelt arbeid. Høy risiko for feil i data. Dobbeltarbeid.	Integrasjon mot eksamenssystem som vil fjerne behovet for manuell flytt av data.
Integrasjon	Manglende integrasjon studieplansystem (Edutorium)	Vi må klippe og lime alle overordnede læringsutbyttebeskrivelser fra studieplansystemet og inn i InS på det enkelte studiet fordi dette skal ut på vitnemålet til studentene. Ved endringer i overordnet læringsutbytte så må man gjøre jobben på nytt. Det er krevende å holde oversikt over hvilke kull som skal ha hvilke læringsutbyttebeskrivelser.	Manuelt arbeid. Feil i læringsutbyttebeskrivelser. Dobbeltarbeid.	Integrasjon mot studieplansystem som kan redusere feil i læringsutbyttebeskrivelser, forenkle prosessen med vitnemålsproduksjon og fjerne behovet for dobbeltarbeid. Denne må sees i sammenheng med eventuell integrasjon mot hjemmeside.
Integrasjon	Manglende integrasjon hjemmeside	Dersom studieplansystemet var en del av det studieadministrative systemet som igjen var koblet til hjemmesiden så kunne vi kuttet ut et eget studieplan-system og forholdt oss til ett system. Per i dag kan heller ikke studentene se timeplanen for de har blitt studenter og fått tilgang til systemet. Mange studenter etterspør timeplaner for de starter fordi de må planlegge ift jobb, vi må da legge ut samlingsplaner i pdf-format på hjemmesiden.	Manuelt arbeid. Dobbeltarbeid. Frustrerte studenter.	Integrasjon mot hjemmeside vil fjerne behovet for dobbeltarbeid og vil kunne bidra til mer fornøyde studenter. Sees i sammenheng med studieplansystem.
Integrasjon	Manglende integrasjon økonomisystem	Studenter må overføres via fil mellom InS og økonomisystem for at vi skal kunne fakturere ut studie- og semesteravgift. Studentene mottar faktura via Digipost. Vi må manuelt følge opp hvem som har betalt og ikke innen frist, ubetalt faktura medfører tap av studierett. Da må vi manuelt inn i InS og sette studenten som avbrutt, i stedet for at ubetalt faktura automatisk kunne ført til at studenten ble avbrutt/mistet tilgang til emner.	Manuelt arbeid. Dobbeltarbeid. Høy risiko for feil.	Integrasjon mot økonomisystem som bidrar til automatisk flyt av studentdata mellom systemene og effektive fakturerings- og betalingsrutiner, samt fjerne behovet for manuell oppfølging.
Integrasjon	Manglende integrasjon Vitnemålsportalen	Vitnemål må skrives ut og sendes per post. Det er tungvint og ineffektivt, i tillegg etterspør mange studenter digitalt vitnemål. Vi får også mange vitnemål i retur og henvendelser fra studenter som ikke har mottatt vitnemålet sitt i posten eller at de etterspør kopi fordi de har mistet vitnemålet sitt.	Merarbeid. Høy risiko for feil i utsending av vitnemål.	Integrasjon mot Vitnemålsportalen vil fjerne behovet for å sende vitnemål per post. Det vil også redusere antall henvendelser om vitnemål fordi studenten enkelt kan finne denne informasjonen i Vitnemålsportalen selv.
Integrasjon	Dårlig integrasjon/synk med Læringsplattform	Det eksisterer i dag integrasjon med læringsplattformen Teams for utdanning, men fagskolene som benytter denne læringsplattformen opplever en del ustabilitet i integrasjonen. Synken mellom systemene virker ikke å fungere optimalt og vi har en del tilfeller av studenter som ikke får tilgang til sine emner på læringsplattformen selv om de ligger riktig i InS.	Merarbeid.	Bedre integrasjon/synk mot læringsplattform.
Integrasjon	Ingen integrasjon mot Outlook	Organisasjonen har utstrakt møtevirksomhet, og effektiv planlegging forutsetter en oppdatert Outlook-kalender for hver ansatt. Grunnet manglende integrasjon mellom InS og Outlook, må sistnevnte oppdateres manuelt. Ved endringer i timeplanen må en selv oppdatere Outlook hver gang en endring skjer. Dette gjelder ikke bare timeplanen, men alle avtaler og aktiviteter som eventuelt settes opp i InS.	Merarbeid. Kollisjon mellom undervisning og møtevirksomhet.	Integrasjon med Outlook
Søkefunksjonalitet	Generelt dårlig/manglende søkefunksjonalitet i systemet	Dersom vi må søke opp en student som er avbrutt fra et tidligere studieløp så må vi finne ut av hvilket år vedkommende sist var student og gå tilbake til dette året for å søke opp vedkommende. Vi må også endre innstilling på avbruddssøket fordi default i systemet er at det kun er studenter som ikke er avbrutt som kommer opp i søk. Vi får mange slike henvendelser og bruker mye tid på å finne studenten i systemet. Burde også vært mulig å se hvilket kull og studieprogram studenten har tilhørt dersom hen blir avbrutt underveis i studiet. Dette er per i dag ikke mulig da det forsvinner når en student er avbrutt. Videre burde det være mulig å å ha åpne felt i søkefeltene, f.eks. Bxyxx, samt mulighet for å kunne søke på flere forskjellige studiekoder/klasser i søkefeltet.	Merarbeid.	Søkefunksjon som lar deg søke i systemet uavhengig av årstall. Mulighet for å se hvilket kull en avbrutt student har tilhørt. Ønsker å kunne se mer studierelatert informasjon på en student i ett bilde.
Studentsøknader	Manglende funksjonalitet knyttet til studentsøknader	Dette gjelder søknader som godskriving/fritak, tilrettelegging, permisjoner, lokalt opptak, alternativt eksamenssted, oppmelding kunteksamen o.l. Per i dag sender studentene søknader via 360, dette loggføres i et eget Excel-skjema og opplysninger som kan registreres i InS gjør vi det med. Videre er brukergrensesnittet på søknadene som eksisterer i InS tilpasset elever ved videregående skole, noe som gjør at våre studenter har funksjoner som ikke hører til fagskolen, som f.eks. å søke om fritak i kroppsøving og sidemål.	Manuelt arbeid. Dobbeltarbeid. Økt risiko for feil i data og at søknader blir oversett.	Søknader som er tilpasset fagskolens behov og mulighet for å søke direkte i systemet.
Dataregistrering	Manglende funksjonalitet for registrering av studenter som kommer via lokalt opptak	Vi må føre et detaljert skyggeregnskap på de som tas inn fordi disse skal rapporteres i en egen rapport til DBH. Etter det vi kjenner til er det ikke mulig å registrere noen på lokalt opptak i InS. Det er følgelig ikke mulig å få ut ferdig rapport over de som er tatt inn via lokalt opptak og som kan sendes til DBH.	Manuelt arbeid. Dobbeltarbeid. Risiko for feil i rapporterte data.	Mulighet for å søke lokalt opptak direkte i systemet og mulighet for å hente ut ferdig rapport på lokalt opptak til DBH.
Dataregistrering	Tungvint funksjonalitet for registrering av godskriving/fritak	Studenten søker om godskriving/fritak via arkivsystemet og vi svarer ut søknaden med et vedtak som lages og sendes i/via arkivsystemet. Vi legger så inn søknad om godskriving/fritak i InS på vegne av studenten og godkjenner denne. Dette fører til at studenten forsvinner fra emne- og undervisningsgrupper automatisk. Vi må likevel inn og manuelt legge til merknad på emnet til studenten som skal komme ut på vitnemålet. Videre kommer ikke emnet ut som godskrevet/frittatt i rapporten som skal til DBH, vi må derfor føre skyggeregnskap på alle godskrivinger/fritak på individnivå. Skal vi registrere godskriving/firtak på emner som kommer frem i tid så må emnet opprettes manuelt, dette kommer heller ikke ut i rapporten til DBH og fører til at vi må ha skyggeregnskap.	Økt risiko for data på avveie. Manuelt arbeid. Dobbeltarbeid. Risiko for feil i rapporterte data.	Behov for å kunne håndtere søknader om godskriving/fritak i systemet hvor merknad på emnet legges inn i søknadsbehandling, og kommer ut riktig på vitnemålet. Dette må føre til at studenten forsvinner fra emne- og undervisningsgrupper og at det samtidig kommer korrekt ut på rapport til DBH. Også behov for at manuelt opprettede emner kommer ut riktig på rapporter til DBH.
Dataregistrering	Manglende funksjonalitet knyttet til registrering av studentstatus	Ved permisjon blir studenten avsluttet i InS. Det blir feil fordi studenten fortsatt har studierett. Vi må manuelt fjerne disse fra Avbrutt-rapporten til DBH.	Manuelt arbeid. Økt risiko for feilrapportering.	Behov for å kunne registrere studentstatus knyttet til studentens studierett og at dette kommer riktig ut i rapport til DBH.
Dataregistrering	Tungvint funksjonalitet for etterregistrering av karakterer	Må tilbake til studieåret emnet gikk for å få registrert karakteren. Karakteren blir ikke med ut i neste rapport til DBH. Dette skjer for eksempel ved kunteksamener som ofte kjøres i påfølgende studieår. Vi må derfor lagre en kopi av DBH-rapportfila og deretter manuelt legge inn linje på individnivå med ny karakter.	Dobbeltarbeid. Risiko for feil i rapporterte data.	At karakterregistrering tilbake i tid kommer ut automatisk i rapport for emneresultater til DBH.
Dataregistrering	Manglende funksjonalitet knyttet til registrering av doble utdanningsløp	Noen studenter går doble utdanningsløp. Dette er ikke mulig i InS og det fører til at vi må føre skyggeregnskap over disse studentene og manuelt legge inn ekstra linjer på disse studentene i rapporter til DBH. Dette er et økende problem da mange nå tar enkeltemner ved siden av at de følger et lengre studieløp.	Manuelt arbeid. Dobbeltarbeid. Risiko for feil i rapporterte data.	Mulighet for å registrere to studieløp på en student samtidig, og at dette kommer automatisk ut i relevante rapporter til DBH.
Dataregistrering	Manglende funksjonalitet knyttet til registrering av studieavbrudd	Ikke mulig å registrere riktig årsak til studieavbrudd. Har derfor manuell oversikt over alle studieavbrudd for å kunne ha riktig kunnskap om årsaken til studieavbruddene vi har. Det er heller ikke mulig å på en enkel og rask måte få oversikt over hvilket kull en student som har avbrutt studiet har tilhørt. Dette er nyttig informasjon som fagskolene har behov for.	Manuelt arbeid. Dobbeltarbeid.	Flere valgmuligheter til å registrere årsak for studieavbrudd.
Eksamen	Manglende funksjonalitet knyttet til administrasjon av eksamen	Mangler støtte for praktisk administrering av eksamen, f.eks. generering av kandidatnr, oppgavedeling, innlevering besvarelse, anonym registrering av karakter. Resultater fra eksternt eksamenssystem (WISEflow) må legges inn manuelt pga manglende integrasjon.	Dobbeltarbeid. Manuelt arbeid. Risiko for feil i registreringer og rapporterte data.	Integrasjon mellom eksamenssystem og studieadministrativt system. Alternativt praktisk administrering av eksamen i det studieadministrative systemet.
Studieårsplanlegging	Manglende mulighet for adgangsregulering på emner	Studenter som ikke følger progresjonen i studieplanen der hvor det er adgangsregulering på emner må følges opp manuelt i InS (fjernes en og en fra emner de ikke skal ha tilgang til). Systemet gir ingen muligheter til å sette opp adgangsregulering, det gjør det svært utfordrende for oss å holde styr på dette.	Merarbeid. Høy risiko for at studenter får fortsette studieløpet selv om de skulle blitt stoppet.	Mulighet for å sette opp adgangsregulering på emner. Dersom Emne A ikke er fullført og bestått, stoppes studentens tilganger til Emne B, C osv.
Studieårsplanlegging	Manlgende mulighet for å lage utdanningsplan for hele studieløpet	Vi tar inn studentene for et helt utdanningsløp i gangen, men det er ikke mulig å lage utdanningsplan for hele studieløpet til studenten. InS har tette skott mellom studieårene. Det gjør at vi og studenten ikke kan se hvilke emner hen skal ha for hele studieløpet, kun for ett og ett studieår. Vi planlegger alle emner som skal gå hvert enkelt år og må kjøre opprykk hvert år. Det kan variere hvilke studier vi kjører hvert år også, så det er ikke bare å kopiere ett år, det må gjøres en god del endringer.	Merarbeid (må planlegge for en students studieløp hvert år en student er i et løp).	Mulighet til å legge hele studieløpet til en student og lage en utdanningsplan for studenten som enkelt kan endres ved behov for endret studieprogresjon.
Studieårsplanlegging	Tungvint timeplanlegging	Studieårplanlegging utført etter uke 34: Får ikke fjernet "gamle uker" i malen på en enkel måte. Resultatet er at disse ukene "henger med" i studieårsplanlegging, og må fjernes i konstruksjon.	Merarbeid.	Mulighet for mer fleksibel funksjonalitet i timeplanleggingen.
Studentfunksjonalitet	Manlgende mulighet for å se utdanningsplan for hele studieløpet	Ikke mulig for studenten å se hele studieløpet sitt på grunn av at systemet ikke tillater planlegging av flere studieår i gangen.	Merarbeid (mange spørsmål fra studenter)	Mulighet for at studenten kan se hele studieløpet sitt.
Studentfunksjonalitet	Tungvint karakteroversikt for studenter	Det er tungvint for studentene å se sine karakterer i systemet. De må sortere på riktig år for å finne karakterene sine, det er det en del som ikke skjønner.	Merarbeid (mange spørsmål fra studenter)	Mulighet for at studenten kan se alle karakterene sine på én side.
Studentfunksjonalitet	Manglende funksjonalitet for klage på karakter	Fagskolene fastsetter emnekarakterer gjennom hele året, ikke kun i hovedperioder. Det betyr at studenter kan klage på karakterer på ulike tidspunkt. Klagefrist er 3 uker fra publiseringsdato i InS. For å holde styr på om studenten har klaget innenfor fristen må vi lete opp når vurdering i emnet ble publisert.	Tidkrevende.	Mulighet for å klage direkte i systemet og at muligheten til å klage på en karakter forsvinner 3 uker etter at karakteren ble publisert.
Vurdering	Tungvint funksjonalitet knyttet til vurderingsinnstillinger	Ikke mulig å få en enkel oversikt over hvilke semester et emne går. Kodeverket er koblet til Novari. Alle nye studie- og emnekoder må bestilles via Novari (som har begrenset kapasitet til å håndtere bestillingene raskt). Etter at vi har fått kodene fra Novari så må vi inn å aktivere studiekodene i InS. Emnekodene må legges manuelt inn i en fil hvor det tildeles fagområde, deretter sendes til SAS-hjelp som registrerer kodene på riktig fagområde i InS. Dette er en tidkrevende prosess fra A til Å. Noen ganger kan det være at vi har behov for å få på plass koder raskt, men vi rekker det ikke på grunn av at prosessen er ineffektiv. Fagskolene burde hatt mulighet til å selv opprette og ajourholde eget kodeverk, dette har også DBH påpekt. Behov for nye koder vil også øke etter hvert som flere fagskoler blir fagområdeakkreditert og i større grad kan akkreditere sine egne utdanning. Etterspørsel etter mer modulbaserte utdanninger vil også øke behovet for nye koder.	Manuell innstilling av vurderingsinnstillingene.	Mulighet til å legge inn når (f.eks. semester) et emne skal avsluttes på emnegrupper slik at dette styrer vurderingsinnstillingene for emnet.
Kodeverk	Tungvint prosess knyttet til aktivering av tilbuds- og emnekoder	I og med at systemet har mangler knyttet til en del registrering av data så er det tungvint å produsere et vitnemål. Vår prosess for produksjon av vitnemål innebærer over 20 delprosesser for å sikre at et vitnemål blir korrekt.	Tidkrevende. Merarbeid.	Mulighet for å etablere egne koder/system for eget kodeverk.
Dokumentasjon	Tungvint produksjon av vitnemål	I og med at systemet har mangler knyttet til en del registrering av data så er det tungvint å produsere et vitnemål. Vår prosess for produksjon av vitnemål innebærer over 20 delprosesser for å sikre at et vitnemål blir korrekt.	Tidkrevende.	Enklere prosess for produksjon av vitnemål.
Dokumentasjon	Tungvint produksjon av karakterutskrifter	Må laste ned karakterutskrifter og sende per e-post eller via arkivsystem. Vi får mange henvendelser knyttet til karakterutskrifter så dette er tidkrevende arbeid.	Tidkrevende. Merarbeid.	Tilgang til vitnemålsportalen slik at studenten selv kan hente ut oversikt over sine karakterer.
Rapporter	Manglende funksjonalitet knyttet til uthenting av relevante data	Dagens løsning tilbyr en del rapporter som ikke er relevante for fagskolene. Det mangler enkel tilgang til rapporter på blant annet: - Antall studenter som har sluttet, dato og avbruddsårsak (per i dag er det tungvint sortering i studieoversikten som er løsningen) - Bedre vurderingsrapport og karaktermatrise som viser vurderingsstatus (både bestått-vurderinger, stryk og ingen vurdering) for alle studenter i et kull uavhengig av hvilket år emnet ble gjennomført og som hensyntar eventuelle forbedringer i karakter (for å hente ut dette i dag så må man inn på hvert enkelt studieår for å til slutt manuelt sette sammen en total oversikt over alle emnevurderinger for et kull) - Behov for rapport over alle studenter som har fått vitnemål (bestått utdanningsløp) - Rapport over tilrettelegging og type tilrettelegging	Dobbeltarbeid (skyggeregnskap). Merarbeid. Manglende beslutningsgrunnlag.	Fagskolene har behov for å raskt kunne hente ut data som skal benyttes som beslutningsgrunnlag for blant annet ledergruppe og styret. Data må derfor kunne hentes ut i rapporter på en enkel og effektiv måte. Mulighet for å kunne bygge rapporter ut fra egne behov.
Arkivering	Ikke godkjent som arkivkjerne	Systemet er ikke godkjent som arkivkjerne. Vi må derfor laste ned alt av arkiverdig dokumentasjon og lagre i fylkets arkivsystem.	Høy risiko for data på avveie. Merarbeid.	System som er godkjent som arkivkjerne, eller system som er integrert med arkivsystem.
Språk	Ikke fullført tilpasset språk for høyere utdanning	Språket er delvis rettet mot høyere utdanning og studenter, men det er fortsatt mye språk i InS som ikke hører hjemme i høyere utdanning. Dette oppleves uprofesjonelt av både ansatte og studenter og gjør at vi ikke fullt og helt fremstår som høyere utdanning.	Utfordringer knyttet til omdømme og status.	System som bruker begreper og lovhenvisninger som er knyttet til høyere utdanning, og som er adskilt fra funksjonalitet som kun skal gjelde for videregående.

Saksnr: 2022/486-282
Saksbehandlar: Hege Fjeld

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 11/26	19.08.2026

Nominasjon av tiltak til Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning 2026

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å nominere Norsk Pommelierutdanning til Utdanningskvalitetsprisen 2026.

Samandrag

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) deler kvart år ut Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskulen Vestland har utvikla Norsk Pommelierutdanning, den einaste akkrediterte utdanninga i pommelierfaget som gir formelle studiepoeng på høgare nivå. Tiltaket vart nominert til same pris i 2024, og juryen omtalte det då som «ein klar toppkandidat», men tilrådde at Fagskulen Vestland søkte igjen når tiltaket hadde sett seg litt meir. Styret vert bede om å godkjenne at Fagskulen Vestland nominerer Norsk Pommelierutdanning til Utdanningskvalitetsprisen for 2026.

Torbjørn Mjelstad
rektorHege Fjeld
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) tildeler årleg ein utdanningskvalitetspris for høgare yrkesfagleg utdanning som skal påskjøna framifrå arbeid med utdanningskvalitet. Styret ved ein fagskule kan nominere inntil to tiltak, og fristen for å nominere og sende inn søknad er i år 3. september. Prisen er på ein million kroner, og fagskulen som får tildelt prisen kan sjølv disponere midlane fritt. Tidlegare har Fagskolen Vestland vunne kvalitetsprisen to gonger, i 2020 med «Eg e-lærer» prosjektet og i 2025 med «Stordmodellen».

Vilkåra for å kunne ta imot prisen er at tiltaket fyller ei rekkje kriterium. Tiltaket må:

- bidra til oppdatert og yrkesretta høgare yrkesfagleg utdanning
- bidra vesentleg til utvikling og betring av studentane sitt læringsutbytte
- verte gjennomført i eit aktivt samarbeid mellom studentar, tilsette og arbeidsliv
- vere velorganisert og basert på systematisk innhenta informasjon
- ha overføringsverdi til annan høgare yrkesfagleg utdanning.

Norsk Pommelierutdanning vart akkreditert av NOKUT i 2023 og hadde oppstart i januar 2024. Dette er ei 30 studiepoengs fagskuleutdanning ved studiestad Hjeltnes, og den einaste akkrediterte utdanninga i pommelierfaget vi kjenner til, som gir formelle studiepoeng på høgare nivå. Per i dag er 37 studentar uteksaminerte (17 i 2024 og 20 i 2025), og 18 studentar er for tida under utdanning. Det er framleis svært gode søkjartal til studiet.

Utdanninga svarer på eit dokumentert kompetansebehov i ei næring i sterk vekst. Etter at det i 2016 vart opna for gardsutsal av eigenprodusert sider har talet på siderprodusentar i Noreg auka markant. Norsk sider har fått frå å vere eit ukjent produkt til å dominere marknaden og hentar jamleg heim prisar i internasjonale konkurransar. Pommelierutdanninga er forankra i nasjonale og regionale satsingar innan mat, drikke og reiseliv, mellom anna Temaplan landbruk for Vestland fylke 2023–2027 og regjeringa si visjon for Matnasjonen Noreg.

Fagskulen Vestland vurderer tiltaket som eit sterkt kandidat opp mot alle fem kriteria for utdanningskvalitetsprisen. Utdanninga er eineståande i sitt slag, oppdatert og yrkesretta, og møter bransjen sitt kompetansebehov direkte. Ho er utvikla og vert kontinuerleg vidareutvikla i tett samarbeid mellom studentar, tilsette, siderprodusentar, næringsorganisasjonar og forskingsmiljø. Tiltaket er velorganisert, følgjer beste praksis for fleksibel og desentralisert utdanning, og kan vise til dokumenterte og positive resultat gjennom studentevalueringar og høge søkjartal. I tillegg har utdanninga tydeleg overføringsverdi til andre grønne og gastronomiske utdanningar.

Fagskulen Vestland nominerte same tiltak til Utdanningskvalitetsprisen i 2024. Juryen omtalte nominasjonen som «ein klar toppkandidat» som innfridde i stor grad alle kriteria, men tilrødde at tiltaket burde søkje igjen når det hadde «sett seg litt meir». Med tre gjennomførte kull og dokumenterte resultat stiller Fagskulen Vestland no med eit modna tiltak og eit godt grunnlag for å nå fram i konkurransen.

Vedtakskompetanse

HK-dir stiller krav til at det er styret for ein fagskule som skal nominere tiltak til utdanningskvalitetsprisen.

Konklusjon

På bakgrunn av dette tilrår rektor at styret godkjenner at Fagskulen Vestland nominerer Norsk Pommelierutdanning til Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning 2026, utdelt av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

Saksnr: 2022/486-284
Saksbehandlar: Kirsti Andrea Nordstrand

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 12/26	19.08.2026

System for kvalitetsarbeid

Ny rettleiar for kvalitet i utdanninga - system for kvalitetsarbeid og -utvikling

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner rettleiar for kvalitetssystemet ved Fagskulen Vestland.
2. Rektor får ansvar for at rettleiaren vert gjort kjend ved alle studiestader.
3. Rektor legg til rette for at rettleiaren vert brukt aktivt i kvalitetsarbeidet.

Samandrag

I saka blir det lagt fram forslag til ny rettleiar for kvalitetssystemet ved Fagskulen Vestland. Gjeldande rettleiar er basert på tidlegare retningslinjer for universitets- og høgskulesektoren, og er ikkje lenger oppdatert. Det nye forslaget tek utgangspunkt i NOKUT sine retningslinjer for høgare yrkesfagleg utdanning¹ og NIFU-rapporten Kvalitetsbegreper i høgere yrkesfaglig utdanning². NOKUT sine retningslinjer tek utgangspunkt i EU sine retningslinjer for kvalitetssystem og studentsentrert læring.

Rektor tilrår at styret godkjenner rettleiaren (vedlegg 1), slik at den kan inngå i dokumentasjonen til NOKUT i samband med tilsyn hausten 2026.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Kirsti Andrea Nordstrand
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

¹ [Kvalitetsområder for høyere yrkesfaglig utdanning | Nokut](#)

² [Ny veileder for kvalitetsarbeid i fagskolene | Nokut](#)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hausten 2026 får Fagskulen Vestland tilsyn frå NOKUT i samband med ynskje om å søke institusjonsakkreditering.

Gjennomgang av relevante dokument, viser behov for å oppdatere rettleiaren *System for kvalitetssikring*. Bakgrunnen for behovet for oppdatering er at gjeldande rettleiar er basert på retningslinjer som var knytt til Universitets- og høgskulesektoren, som seinare er endra, og er ikkje tilpassa gjeldande krav til høgare yrkesfagleg utdanning.

Vurdering av eksisterande rettleiar

Den eksisterande rettleiaren tek som sagt utgangspunkt i retningslinjer som var skrive for UH-sektoren, og som ikkje lenger er gjeldande. Kvalitetsområde i denne er annleis enn det som ligg til grunn i nye, og oppdaterte retningslinjer. Kvalitetsområda i den eksisterande rettleiaren tek i stor grad utgangspunkt i «tellekantsystem», som har meir fokus på målbare fakta, kvalitetsindikatorar, som kan målast i spørjeundersøking, men som i avgrensa grad legg til rette for analyse og utvikling:

- Opptakskvalitet (tal på søkarar, poengsum opptak, demografisk fordeling, klage).
- Rammekvalitet (faglege årsverk (totalt, fast, relevant arbeidsliv), kompetanse, men også oppleving av læringsmiljø (studentar/tilsette)).
- Programkvalitet (studentar/tilsette/fagråd tilfredse med utdanningstilbod, evaluering av læringsutbytte (undervisnings- og vurderingsformer)).
- Undervisningskvalitet (studentar og tilsette si vurdering av undervisning og rettleiing)
- Resultatkvalitet (karakterresultat (snitt/fordeling), gjennomføring (tal på fullført/normert tid), studiepoeng pr student, fråfall)
- Relevanskvalitet (vurdering av yrkesrelevans (fagråd/studentar/tilsette), vurdering av eigen kompetanse (lærarar)).
- Styringskvalitet (forankring i leiing, prosessevaluering, oppfølging mål/tiltak).

Dei nye kvalitetsområda inneber at ein må vurdere og analysere kvalitetsarbeid og -utvikling, noko som gjenspeglar lov- og forskiftskrav. Samla sett er rettleiaren i liten grad tilpassa dagens krav til heilskapleg, systematisk og utviklingsorientert kvalitetsarbeid i høgare yrkesfagleg utdanning.

Om nytt forslag til rettleiar

Det nye forslaget til rettleiar for kvalitetsarbeid ved Fagskulen Vestland (vedlegg 1) tek utgangspunkt i NOKUT sine retningslinjer for høgare yrkesfagleg utdanning³ og NIFU-rapporten *Kvalitetsbegreper i høyere yrkesfaglig utdanning*⁴, og er betre tilpassa krav i lov og forskrift, og behova i høgare yrkesfagleg utdanning, i tillegg til at det også tek utgangspunkt i EU sitt kvalitetssystem⁵ ⁶. NOKUT omtalar heile studenten sitt liv på lærestaden, frå opptak til mottatt vitnemål, for studenten sin læringsbane⁷. Gode læringsbanar er kjenneteikna av at studentane er medviten om eigen læring, og utviklar ein sunn læringsstrategi. Kunnskapsgrunnlaget i fagskulen er forankra i erfaringar frå arbeidslivet, utviklingsarbeid og relevant forskning. Fagskulen skal i nært samarbeid med yrkesfeltet utvikle og formidle spesialisert yrkeskompetanse tilpassa ny teknologi, utviklingstrekk og behov i samfunns- og arbeidsliv.

Læringsbanen som NOKUT omtalar, og utvikling av utdanningane skal vere utgangspunkt for kvalitetsarbeidet.

Dei nye kvalitetsområda legg til grunn at kvalitetsarbeidet skal støtte utvikling av gode læringsbanar og ein oppdatert kunnskapsbase*:

- Samspel med arbeidslivet (1)
- Læringsutbytte (2)

³ [Kvalitetsområder for høyere yrkesfaglig utdanning | Nokut](#)

⁴ [Ny veileder for kvalitetsarbeid i fagskolene | Nokut](#)

⁵ [ECTS users' guide 2015 - Publications Office of the EU](#)

⁶ [Use and Interpretation of the ESG for the European Register of Quality Assurance Agencies](#)

⁷ [kvalitetsomrader_for_hoyere_yrkesfaglig_utdanning_november_2018.pdf](#)

- Startkompetanse (3)
- Læringsmiljø (4)
- Utdanningsfagleg kompetanse (5)
- Utdanningsdesign og -leiing (6)

*Tal knytt til kvalitetsområde (i parentes) er gjenspeilt i definisjonane for læringsbane og kunnskapsgrunnlag under.

NOKUT definerer at gode læringsbanar:

- vert skapa i samspel mellom studentar, fagtilsette, støttetenester, arbeidsliv, fag- og yrkesorganisasjonar og samfunnet elles (1, 3, 4, 6)
- forutset motiverte og dedikerte studentar som tek ei aktiv rolle i eigen læringsprosess (3)
- blir skapt når studentane sine eigne erfaringar blir brukt aktivt i læringsprosessen (3, 4, 5, 6)
- gjer studentane medviten om eiga læring slik at dei utviklar gode læringsstrategiar (3, 4)
- forutset at læringsformene er tilpassa eigenarten til faget og formålet med utdanninga, og at hensikta med dei ulike formene er formidla til studentane (2, 5, 6)
- er avhengig av heilheitleg og gjennomtenkt utdanningsdesign, med god integrasjon og progresjon i innhald og læringsformer (2, 5, 6)
- blir til i eit inkluderande og motiverande læringsmiljø med ein godt fungerande tilbakemeldingskultur (3, 4)
- inneber moglegheita for mobilitet mellom lærestader i inn- og utland (1, 5, 6)

NOKUT seier at for å utvikle ein god kunnskapsbase er det viktig at:

- kunnskap blir utvikla kontinuerleg i dialog med arbeidslivet (1, 5, 6)
- fagmiljøa held ved like og vidareutviklar kunnskapsbasen til utdanninga, i takt med det siste innan arbeidsmetodar, god praksis, i tillegg til utviklings- og forskingsarbeid nasjonalt og internasjonalt (1, 2, 4, 5, 6)
- fagmiljøa held seg oppdatert på ny kunnskap om undervisning, læring og vurdering, og sjølv initierer utviklingsarbeid (1, 5, 6)
- studentane aktivt blir inkludert i fagskulen si kunnskapsutvikling og kulturar for læring (3, 4, 5, 6)

Ein ny og oppdatert rettleiar er nødvendig for at Fagskulen Vestland skal ha eit tilfredsstillande kvalitetssystem som følgjer dei normene som er lagt i lov- og regelverk.

Vedtakskompetanse

Styret er øvste ansvarlege styringsorgan for Fagskulen Vestland, jf. fagskulelova § 9 første ledd, ansvarleg for kvalitetsarbeid ved fagskulen, jf fagskulelova § 9 femte ledd og fagskoleforskriften § 49 (1)

Konklusjon

Rektor tilrår at styret godkjenner den nye rettleiaren for kvalitetsarbeid slik det kjem fram av saka.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling

Kvalitet i utdanninga

System for kvalitetsarbeid og -utvikling

Innhald

System for kvalitetsarbeid.....	3
1.0 Krav til tilfredsstillande kvalitetssystem	3
1.1 Styringskvalitet ved fagskulen – forankring i styret og leiinga	3
2.0 Fagskulen Vestland	4
3.0 Indre kvalitetsområde: Læringsbane og kunnskapsbase	6
3.1 Læringsbane	6
3.2 Kunnskapsbase – fagmiljø.....	6
4.0 Ytre kvalitetsområde	7
4.1 Samspel med arbeidslivet.....	8
4.2 Læringsutbytte	8
4.3 Startkompetanse	9
4.4 Læringsmiljø.....	9
4.5 Utdanningsfagleg kompetanse	10
4.6 Utdanningsdesign og -leiing	11
Internasjonalisering som strategisk fokusområde for kvalitetsarbeid	12
5.0 Prosesskart og årshjul	12
6.0 Kvalitetsmeldinga	13
7.0 Ansvarleg og ansvarsområde.....	14
8.0 Dokument og system som inngår i kvalitetsarbeidet	15
Referansar	16

System for kvalitetsarbeid

1.0 Krav til tilfredsstillende kvalitetssystem

Kvalitetsarbeidet ved Fagskulen i Vestland er forankra i følgjande lov med tilhøyrande forskrifter:

- Lov om høgere yrkesfaglig utdanning

Fagskulen sitt kvalitetsarbeid er forankra i fagskulen si leiing og styre. Fagskulen skal involvere tilsette og studentar i kvalitetsarbeidet. System for kvalitetssikring er eitt av fagskulen sine verktøy for å gjennomføre kvalitetsarbeid. Av systembeskrivinga går det fram korleis kvalitetsarbeidet skal

gjennomførast, kven som har ansvar for å følge opp ulike rutinar og prosessar og rapporteringsslina. Gjennom kvalitetsarbeidet skal fagskulen årleg utarbeide ei kvalitetsmelding og ein mål- og tiltaksplan for å sikre kvaliteten i utdanninga. Måla skal også sjåast i samanheng med fagskulen sin strategi. *Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling* er utarbeidd etter NOKUT sine kvalitetsområde for høgare yrkesfagleg utdanning¹ og med inspirasjon frå Kvalitetsbegreper i høgere yrkesfaglig utdanning (Slette et al., 2025)².

1.1 Styringskvalitet ved fagskulen – forankring i styret og leiinga

Styringskvalitet handlar om evna til å leie verksemda og sikre kontinuerleg kvalitetsutvikling. Fagskulen skal systematisk innhente informasjon frå studentar, tilsette, representantar frå yrkesfeltet og andre relevante kjelder for å vurdere kvaliteten i den einskilde utdanning. Resultata frå fagskulen sin internkontroll i høve til om fagskulen ivaretek krava til akkrediteringa skal vere ein del av grunnlaget for å vurdere kvaliteten ved fagskulen jf. fagskulelova § 9 tredje ledd bokstav f³. Kvar einskild utdanning skal gjennomføre Leiinga sin gjennomgang kvart år, etter oppsett mal. Utdanningane skal jamleg ha interne revisjonar for å sikre at ein etablerer ein god kultur for kvalitetsarbeid gjennom både kvalitetssikring og -utvikling. Ansvar for dette ligg på utdanningsleiing, som har det som ein del av stillingsinstruksen sin. Kunnskap frå kvalitetsarbeidet skal nyttast for å rette opp sviktande kvalitet og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane. Fagskulen skal fatte vedtak om tiltak for betring og utvikling av kvaliteten og gjennomføre desse innan rimeleg tid. Fagskulen skal informere studentorganet om resultata av kvalitetsarbeidet.

Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling er eit overordna styringsdokument som legg grunnlaget for korleis fagskulen skal arbeide med kvalitetsutvikling av utdanningane og fagmiljøa. Systemet gir retning for å arbeide systematisk, analytisk og aktivt med å undersøke tilhøva kring kvalitet og for å rapportere og setje i verk tiltak. Kvalitetssikringssystemet består også mellom anna av dette styringsdokumentet, rutinar, retningslinjer, samt system for å melde avvik, forbettringsforslag og uønskte hendingar. Nokre utdanningar har også andre tilleggskrav, dette gjeld dei sertifikatgjevande utdanningane ved skulen. Ved desse utdanningane er tilleggskrava forankra i STCW konvensjonen og systemet er bygd opp etter gjeldande standar.

For å ha god kvalitetsstyring er det nødvendig med gode mekanismar for kvalitetssikring. God kvalitetssikring bør som eit minimum innebære:

- system for informasjon og rettleiing ovanfor søkarar og studentar
- prosedyrar for opptak som baserer seg på formelle krav og/eller realkompetanse

¹ [kvalitetsomrader for hoyere yrkesfaglig utdanning november 2018.pdf](#)

² [Kvalitetsbegreper i høgere yrkesfaglig utdanning - Nasjonalt vitenarkiv](#)

³ [Lov om høgere yrkesfaglig utdanning \(fagskoleloven\) - Lovdata](#)


- oversiktleg og godt strukturerte studieplanar
- tilrettelagt og fleksibel organisering av opplæringa
- organisert samarbeid med relevante organisasjonar, bransjar og utdanningsinstitusjonar
- krav til kompetanse hos lærarar/instruktørar, og krav til leiing
- krav til utstyr
- system for klagebehandling
- system for evaluering og dokumentasjon
- prosess for kvalitetsutvikling, denne inneber:
 - kompetanseutvikling hos lærarar/instruktørar og leiing
 - offentleggjort evalueringar, der forbettringsforslag for utdanningskvaliteten er tydeleggjort
- evaluering der både studentar og brukarar (arbeidsliv/samfunn) er involvert

Kvalitet i utdanninga – System for kvalitetsarbeid og -utvikling er grunnlaget for avdelinga og leiinga sitt kvalitetsarbeid (tidlegare Avdelinga - (AG) og Leiinga sin gjennomgang (LG). Det ligg også til grunn for gjennomføring av internrevisjonane, og for syklisk emne- og programevaluering.


2.0 Fagskolen Vestland

Fagskolen Vestland tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning på nivå over vidaregåande opplæring som gir kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak. Utdanningane skal vere praksisnære og relevante for arbeidslivet. Utdanningane ved fagskulen er på nivå 5.1 og 5.2 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), og har eit omfang på inntil 120 studiepoeng (stp).

Fagskolen Vestland er eigd av Vestland fylkeskommune og er ein av landets største fagskular med studentar fordelt på 8 studiestader i fylket. Fagskolen har utdanningar innan tekniske fag, helsefag, maritime fag, matfag og grønne fag. Kvalitetssystemet gjeld for alle utdanningar og ved alle studiestader ved Fagskolen Vestland.



Kvalitetsarbeidet følgjer rapporteringslina i fagskulen sin leiar- og organisasjonsstruktur.



3.0 Indre kvalitetsområde: Læringsbane og kunnskapsbase

3.1 Læringsbane

NOKUT omtalar heile studenten sitt liv på lærestaden, frå opptak til mottatt vitnemål, for studenten sin læringsbane⁴. Ein vellykka læringsbane tener på samspel med andre, og den einskilde studenten sin læringsbane er summen av deltaking i alle desse fellesskapa. Gode læringsbanar er kjenneteikna av at studentane er medviten om eigen læring, og utviklar ein sunn læringsstrategi.

Vidare definerer NOKUT at gode læringsbanar:

- vert skapa i samspel mellom studentar, fagtilsette, støttetenester, arbeidsliv, fag- og yrkesorganisasjonar og samfunnet elles
- forutset motiverte og dedikerte studentar som tek ei aktiv rolle i eigen læringsprosess
- blir skapt når studentane sine egne erfaringar blir brukt aktivt i læringsprosessen
- gjer studentane medviten om eiga læring slik at dei utviklar gode læringsstrategiar
- forutset at læringsformene er tilpassa eigenarten til faget og formålet med utdanninga, og at hensikta med dei ulike formene er formidla til studentane
- er avhengig av eit heilskapleg og gjennomtenkt utdanningsdesign, med god integrasjon og progresjon i innhald og læringsformer
- blir til i eit inkluderande og motiverande læringsmiljø med ein godt fungerande tilbakemeldingskultur
- inneber moglegheita for mobilitet mellom lærestader i inn- og utland

Læringsbanen som NOKUT omtalar vil vere eit bakteppe for kvalitetsarbeidet ved Fagskulen Vestland.

3.2 Kunnskapsbase - fagmiljø

Fagskulen sitt kunnskapsgrunnlag bygger på erfarings- og utviklingskompetanse i arbeidslivet, samt relevant forskning. Fagskulen skal i nært samarbeid med yrkesfeltet utvikle og formidle spesialisert yrkeskompetanse tilpassa ny teknologi, utviklingstrekk og behov i samfunns- og arbeidsliv.

NOKUT seier at for å utvikle ein god kunnskapsbase er det viktig at:


- kunnskap blir utvikla kontinuerleg i dialog med arbeidslivet
- fagmiljøa held ved like og vidareutviklar kunnskapsbasen til utdanninga, i takt med det siste innan arbeidsmetodar, god praksis, i tillegg til utviklings- og forskingsarbeid nasjonalt og internasjonalt
- fagmiljøa held seg oppdatert på ny kunnskap om undervisning, læring og vurdering, og sjølv initierer utviklingsarbeid
- studentane aktivt blir inkludert i fagskulen si kunnskapsutvikling og kultur for læring

⁴[kvalitetsområder for høyere yrkesfaglig utdanning november 2018.pdf](#)

4.0 Ytre kvalitetsområde



Leiinga skal analysere og vurdere kvaliteten i utdanninga gjennom seks kvalitetsområde som kvar for seg vil gje informasjon om kvaliteten ved viktige driftsområde for å sikre god kvalitetsoppfølging. Gjennom analyse av dei seks kvalitetsområda skal fagskulen også vurdere den totale kvaliteten ved fagskulen og sjå på samanhengar mellom kvalitetsområda. Sviktande kvalitet i eitt kvalitetsområde kan forklare og gje viktig informasjon om sviktande kvalitet i eit anna kvalitetsområde. Analysane av kvart kvalitetsområde er del av den årlege gjennomgangen i avdelingane, og blir grunnlaget for fagskulen si årlege kvalitetsmelding til styret. Ved kvart kvalitetsområde er det fastsett rettesnorer for kvalitetsarbeidet som vil vere ein del av analysane som vert gjort. Styret skal sette tydelege mål for kvalitetsarbeidet.



Bilete: NOKUT – Indre og ytre kvalitetsområde

4.1 Samspel med arbeidslivet

Fagskuleutdanningar skal vere tett knytte til arbeidslivet, slik at kompetansen studentane får, samsvarar med behova i samfunnet både no og i framtida. Dette krev eit forpliktande og strategisk samarbeid mellom fagskulane og arbeidslivet. Arbeidslivet kan påverke kunnskapsgrunnlaget for utdanningane, samstundes som det får tilgang til oppdatert fagkunnskap gjennom fagskulane, lærarane og studentane. Eit godt samarbeid med arbeidslivet er også ein viktig arena for at fagmiljøet får oppdatert yrkeskompetansen sin.

For å sikre relevans må fagskulane halde aktiv kontakt med arbeidslivet og bruke innspel frå både bransjar og tidlegare studentar. Samarbeidet kan kome til uttrykk gjennom utvikling av læringsutbytte, bruk av forelesarar frå arbeidslivet, praksis og læringsarenaer i arbeidslivet, faglege tema knytte til yrkesfeltet og oppgåver i samarbeid med verksemdar.

Slik kontakt gjer at studentane forstår korleis kunnskapen og ferdigheitene deira kan nyttast i arbeidslivet, og at dei kan dele eigne erfaringar tilbake til bransjen. Dette styrkjer kvaliteten, relevansen og fleksibiliteten i utdanningane.

At samspelet med arbeidslivet er velfungerande er kjenneteikna av

- strategisk dialog mellom arbeidslivet og fagskulen
- eit systematisk arbeid for å sikre at utdanningane er relevante for arbeidslivet no og i framtida
- kontinuerleg samarbeid om utvikling, kvalitetssikring og gjennomføring av utdanningane
- aktiv bruk av tilbakemeldingar frå noverande og tidlegare studentar i arbeid med nye utdanningar
- at det er lagt til rette for at studentane og lærarane lærer i samspel med arbeidslivet (og omvendt)

4.2 Læringsutbytte

Læringsutbytte er kjernen i kvalitetsarbeidet i fagskuleutdanningane, og alle delar av det studienære kvalitetsarbeidet skal støtte opp om at studentane når desse måla.

Læringsutbyttebeskrivingane (LUB) skal utviklast av fagmiljøa i tett samarbeid med arbeidslivet, slik at dei speglar, og møter, dei kompetansebehova som stadig endrar seg. Arbeidet skal vere strategisk forankra i leiinga ved fagskulen.

Målet er at læringsutbyttet gir eit presist bilete av kva kompetanse studenten tek med seg ut i arbeidslivet. For å oppnå dette må undervisning, læringsformer og vurdering vere godt tilpassa dei ønskta læringsutbytta. Klare og forståelege LUB-ar, i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, skal vere nyttige både for studentar, arbeidslivet og utdanningsinstitusjonar nasjonalt og internasjonalt.

Eit bevisst arbeid med læringsutbytte inneber:

- strategisk dialog med arbeidslivet, for å sikre at studentane får den kompetansen arbeidslivet treng
- at fagmiljøet har eigarskap til utviklinga av læringsutbytte
- at læringsutbytta blir nytta som eit pedagogisk og didaktisk verktøy ved val av undervisnings-, lærings- og vurderingsformer
- at arbeidet med læringsutbytta er forankra i leiinga ved fagskulen
- at LUB-ane er i tråd med NKR

4.3 Startkompetanse

Startkompetanse er den forkunnskapen og dei føresetnadene studenten har med seg ved studiestart. Dette handlar ikkje berre om nivået på kompetansen, men òg om relevansen for utdanninga, om utdanninga byggjer vidare på det som krevst for opptak, og studentens erfaringar og motivasjon.

Tidlegare erfaring og kunnskap er viktig for læring, og fagskulen sine læringsaktivitetar skal knyte ny kunnskap til det studenten allereie kan. Godt samarbeid mellom utdanningsnivåa er nødvendig for å gi studentane eit best mogleg utgangspunkt.

Val av utdanning blir påverka av fleire faktorar. Dette kan vere behov hos arbeidsgjevar, egne interesser, arbeidsmarknad, geografi og utdanningas omdømme. Fagskulen må derfor sikre rekruttering av studentar med relevant startkompetanse, og jobbe for å tiltrekke seg studentar med høg motivasjon.

Ein god studiestart krev gode rutinar for opptak, god informasjon og eit mottak som tek vare på både faglege og sosiale behov. Klar forventningsavklaring tidleg i studiet legg grunnlaget for motivasjon, gode læringsstrategiar og realistiske forventningar.

Fagmiljøet må vere medvitne om variasjonar i studentane sin startkompetanse og tilpasse undervisninga deretter. Dersom det er ulikt kompetansenivå blant studentane bør fagskulen setje inn målretta tiltak som forkurs eller liknande for dei som har behov for det. Dette er grunnlaget for ein vellukka læringsbane.

Ein best mogleg læringsbane er kjenneteikna av

- rekrutterings- og opptaksprosedyrar som trekk til seg studentar med den startkompetansen ein ynskjer
- oppdatert og relevant informasjon om utdanninga til både potensielle søkarar og nye studentar
- gjensidige forventningsavklaringar
- fokus på den gode studiestarten som starten på studentens personlege læringsbane
- fokus på vidareutvikling av studentane sin evne til å lære og til å etablere læringsstrategiar

4.4 Læringsmiljø

Læringsmiljøet omfattar alle fysiske, organisatoriske og psykososiale forhold som påverkar studentane si helse, trivsel og læring. Det handlar òg om korleis fagskulen legg til rette for studentinvolvering, medverknad og eigarskap til eiga læring. Læringsmiljøet er eit ansvar for styret og må utviklast i samarbeid med leiing, lærarar og studentar, basert på til dømes Studiebarometeret og lokale undersøkingar.

Tryggleik og fagleg-sosial integrering er grunnleggjande for eit godt læringsmiljø. Undervisninga er den viktigaste arenaen for møte mellom studentar og lærarar, og skal fremje læringskultur, samarbeid og refleksjon. Studentdrivne prosjekt kan styrke læring og førebu studentane på komplekse arbeidssituasjonar, skiftande samarbeidsforhold og nye kompetansekrav.

Læringsmiljøutvalet er eit viktig strategisk utdanningsfageleg organ i kvalitetsarbeidet ved fagskulen, og skal ha eit tydeleg mandat, reell påverknadskraft, god tilgang på data og ei strukturert rolle i kvalitetsarbeidet.

Fagskulen skal skape møteplassar som støttar meistring, samarbeid og konstruktive tilbakemeldingar. Dei fysiske omgjevnadene – som lokale, utstyr og tilrettelegging for ulike lærings- og vurderingsformer – har stor betydning for læring og bør spegle arbeidslivet studentane skal inn i. Fagskulen må òg sikre godt læringsmiljø for studentar i samlingsbaserte og nettbaserte studium.

Eit inspirerende læringsmiljø er kjenneteikna av

- at fagskulen brukar kunnskap frå utviklingsarbeid og forskning om undervisning, læring og vurdering
- at studentane deltek i utviklinga av kunnskapsbasen i faget, i samspel med fagmiljøet og arbeidslivet
- tilgang til arenaer der studentane kan møtast og samhandle både fagleg og sosialt – også ved studieprogram som ikkje er campusbaserte
- studentinvolvering og gode strukturer for studentdemokrati for å auke studentane sitt eigarskap til læring
- kontinuerleg forbetring av fysiske, psykososiale og organisatoriske forhold

4.5 Utdanningsfagleg kompetanse

Å leggje til rette for læring krev både fagleg og pedagogisk/didaktisk kompetanse, og god utdanningsleiing. Utdanningsfagleg kompetanse handlar om å kunne tilpasse kunnskap til rett nivå og profil i utdanninga, og det er viktig at tilsette i fagskulen har slik basiskompetanse (t.d. at det ved nettbasert utdanning er behov for kompetanse retta mot nettundervisning). Val av undervisnings-, lærings- og vurderingsformer påverkar korleis studentane lærer, og arbeid med utdanningskvalitet bør knytast tettare til desse faktorane.

Læraren er ein nøkkelperson for studentane sin faglege motivasjon, og god undervisning byggjer på tett samspel mellom lærarar og studentar. Samarbeid i fagmiljøet er avgjerande for å sikre progresjon og samanheng i læringsformene. Fagmiljø av høg kvalitet diskuterer kontinuerleg korleis læring skjer, og utviklar undervisning og vurdering som passar fagets eigenart. Samspel med andre fagmiljø og studentane sjølve styrkjer eigarskap til læringsprosessane.

Utdanningsfagleg kompetanse og yrkeskompetanse heng tett saman, og må balanserast, slik at undervisninga speglar arbeidslivet studentane skal inn i. Fagmiljøet må derfor halde seg fagleg oppdatert, og dette bør vere ein del av den strategiske dialogen mellom fagskulen og arbeidslivet. Arbeidslivet kan bidra med lærekrefter, og hospitering kan sikre at fagmiljøet held seg oppdatert.

Med høg utdanningsfagleg kompetanse kan ein lærar

- legge til rette for kunnskap på rett nivå og med relevant profil
- stimulere til læring og fagleg motivasjon gjennom interaksjon og samlæring mellom fagmiljøet og studentar
- nytte eigna undervisnings-, lærings- og vurderingsformer der studentane si læring står i sentrum
- omsette kunnskap om undervisning, læring og vurdering til eit hensiktsmessig utdanningsdesign, godt læringsmiljø og gode studieplanar
- legge til rette for arbeidsrelevante undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

4.6 Utdanningsdesign og -leiing

Eit utdanningsdesign samlar alle faktorane som legg til rette for læring og sikrar at studentane oppnår det planlagde læringsutbyttet. Å designe ei utdanning er ei kompleks oppgåve som krev tydeleg leiing og samarbeid mellom fagleg og pedagogisk leiing, lærarar, studentar, støttetjenester, arbeidslivet, fag- og yrkesorganisasjonar, i tillegg til samfunnet. Dette arbeidet må vere ein del av den strategiske dialogen mellom fagskulen og arbeidslivet.

Eit godt utdanningsdesign byggjer på klare roller, tydeleg ansvarsdeling og solide pedagogiske og fagdidaktiske metodar, samtidig som det tek omsyn til rammevilkår som økonomi, ressursar og regelverk. Læringsutbyttebeskrivingane (LUB) skal vere tydelege, relevante og tilpassa fagets eigenart, og det skal vere samanheng mellom læringsutbytte, undervisningsformer, læringsformer og vurdering.

Designet må sjåast frå studentane sitt perspektiv og ha progresjon både i fagleg innhald og arbeidsmåtar. Læringsformene skal støtte kvarandre på tvers av emne, og studieplanen skal vere oversiktleg, føreseieleg og vise korleis utdanninga er bygd opp – som eit kart mot læringsutbyttet.

Eit gjennomtenkt utdanningsdesign fremjar refleksjon, deling og eigarskap til eiga læring, styrkjer koplinga mellom utdanning og arbeidsliv og gjer administrasjonen meir effektiv. Regelmessige evalueringar sikrar kontinuerleg forbetring og at utdanninga held seg relevant for både studentar og samfunn.

Eit godt læringsdesign

- let seg beskrive på en forståelig måte i ein studieplan
- har ein indre samanheng med samsvar mellom LUB-ar og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer
- sikrar hensiktsmessig progresjon både i fagleg innhald og i arbeidsmetodar
- blir jamleg evaluert i eit breitt samarbeid mellom fagleg og administrativ linje, og resultata blir brukt til kontinuerleg forbetring
- sikrar at det tiltenkte læringsutbyttet er relevant for arbeidslivet
- gjer at studieplanen er føreseieleg for studentane og fungerer som eit kart fram mot tiltenkt læringsutbytte

Internasjonalisering som strategisk fokusområde for kvalitetsarbeid

Internasjonalisering er ein integrert del av kvalitetsarbeidet ved Fagskolen Vestland, og skal bidra til å styrke relevansen, kvaliteten og anerkjenninga av utdanningane. Fagskolen skal legge til rette for at studentar, lærarar og fagmiljø kan delta i internasjonalt samarbeid og utveksling.

Utdanningane ved fagskolen er på NKR-nivå 5.1 og 5.2, som svarar til nivå 5 i det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF). Fagskolen skal arbeide aktivt for at LUB-ane er utforma på ein måte som mogleggjer internasjonalt samarbeid og fagleg mobilitet.

Internasjonalt samarbeid styrker fagmiljøet sin kompetanse og sikrar at kunnskapsbasen held tritt med utviklinga internasjonalt. For dei maritime utdanningane er internasjonalisering allereie eit formelt krav gjennom STCW-konvensjonen og DNV sin MTP-standard, og dette prinsippet bør òg liggje til grunn for dei øvrige fagområda.


Eit velfungerande internasjonalt engasjement er kjenneteikna av

- at studentane har høve til mobilitet og utveksling ved lærestader i inn- og utland
- at fagmiljøa deltek i internasjonale fagnettverk, konferansar og utviklingsarbeid
- at tilsette har høve til hospitering og fagleg oppdatering internasjonalt
- at LUB-ane er utforma i tråd med EQF og er lesbare for internasjonale samarbeidspartnarar
- at fagskolen nyttar erfaringar frå internasjonalt samarbeid aktivt i kvalitetsutviklinga

5.0 Prosesskart og årshjul

Kvalitetsarbeidet ved fagskolen er ein kontinuerleg prosess kor skulen aktivt undersøker, analyserer, set mål og tiltak, implementerer tiltaka og oppnår ny normaltilstand. Som del av denne prosessen inngår syklisk evaluering av studieprogram og emneportefølje. Som del av arbeidet kan det vere naudsynt og gå tilbake og undersøkje og vurdere tidlegare prosessar på nytt og eventuelt gjere justeringar.

Prosesskart



Årshjul for kvalitetsarbeidet

Årshjulet for kvalitetsarbeid ligg i KS.

6.0 Kvalitetsmeldinga

Fagskulen skal årleg legge fram ei kvalitetsmelding for styret som viser analysar og vurderingar av kvalitetsområda, samt resultata frå student-, lærar- og sensorundersøkingane (eksterne sensorar) og tilbakemeldingane frå arbeidslivet.

Kvalitetsmeldinga er styret og fagskulen sitt verktøy for å vurdere og synleggjere kvaliteten i utdanningane, og avdekkje områder som trenger oppfølging. Kvalitetsmeldinga skal også vise korleis skulen har arbeidd med og følgd opp tidlegare mål og tiltak.

Kvalitetsmeldinga saman med forslag til mål- og tiltaksplan vert lagt fram for styret kvart år. Det vert gjeve ein presentasjon av funn knytt til kvalitetsområda.

7.0 Ansvarleg og ansvarsområde

Rolle/ansvarleg	Ansvarsområde
Styret	Har det overordna ansvaret for verksemda, og skal sjå til at utdanningane er drifta i samsvar med lover, forskrifter og andre krav. Behandlar årleg kvalitetsmelding og følgjer opp kvalitetssystemet på overordna nivå. Har overordna ansvar for kvaliteten i utdanningane.
Rektor	Øvste leiar for Fagskolen Vestland og ansvarleg for at verksemda blir driven i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter, vedtak og styringsdokument. Har det overordna ansvaret for kvalitetsarbeidet (t.d. å følgje opp resultat og analyse av evalueringar i kvalitetsmeldinga til styret).
Prorektor	Overordna fagleg leiar for utdanningane og studieporteføljen. Ansvarleg for at utdanningane oppfyller krav i lov, forskrift og akkrediteringar, og for oppfølging av kvalitetsarbeidet innan utdanning.
Utdanningsleiar	Leiar for eit fagområde og ansvarleg for planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av utdanningane innan fagområdet. Sikrar oppfølging av kvalitetsarbeid, risikovurderingar, evalueringar og tiltak. Ansvarleg for at informasjon om kvalitetsarbeidet er godt forankra i fagområdet. Har ansvar for å bidra med informasjon frå sitt fagområde til Kvalitetsmeldinga.
Fagmiljø	Fagleg samarbeidsarena for utdanningane innan fagområdet. Bidreg til utvikling, evaluering og utvikling av emnet. Sikrar samordning dersom fleire lærarar underviser i same emne.
Administrasjon	Utfører administrative støttefunksjonar knytt til opptak, studentoppfølging, eksamen, timeplanlegging, dokumentasjon, arkiv og andre driftsoppgåver. Ansvar for at studentane får god informasjon om kvalitetsarbeidet (t.d. korleis medverke i utviklingsarbeid og kor ein melder avvik). Ansvarleg for å organisere innsamling og rapportering av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskolen, og for systematisk å hente inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjar/eksterne.
Stab	Støttar leiinga innan kvalitet, akkreditering, økonomi, HR, utvikling, prosjekt, internasjonalisering og analyse. Bidreg til koordinering og vidareutvikling av kvalitetssystemet. Ansvarleg for analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskolen, og utarbeiding av Kvalitetsmeldinga.
Undervisningspersonale	Ansvarlege for å følgje gjeldande rutinar, og har det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetsarbeidet i undervisninga (t.d. delta i evaluering og forbetring av utdanningane og evt. melde om avvik). Bidreg i arbeidet med kvalitetsmeldinga.
Læringsmiljøutvalet (LMU)	LMU er eit viktig strategisk utdanningsfagleg organ i kvalitetsarbeidet ved fagskolen. LMU skal ha ei strukturert rolle i kvalitetsarbeidet, eit tydeleg mandat, reell påverknadskraft og god tilgang på data.
Studentar	Bidreg til kvalitetsutvikling gjennom evalueringar, studentdemokrati, råd og utval, samt ved å melde avvik og forbetningsforslag.
Arbeidsliv/eksterne	Skal delta i fagråd, eller på annan måte ha systematisk samarbeid med fagskolen og vere med å vurdere innhald og relevans i utdanninga.

8.0 Dokument og system som inngår i kvalitetsarbeidet

Følgjande dokument inngår som grunnlag for fagskulen sitt kvalitetssystem og arbeid med kvalitetssikring og -utvikling.

Dokument som rutinar, prosedyrar, malar og liknande ligg i Fagskulen Vestland sitt web-baserte kvalitetssystem (dokument-, avviks- og meldingssystemet EK-web).

Døme på sentrale ressursar i kvalitetsarbeidet:

1. Studentundersøkinga ([Studiebarometeret](#))
2. Studenttilbakemeldingar pr emne
3. Lærarundersøkinga
4. Retningslinjer for samarbeid med arbeidslivet (t.d. fagråd, nettverk osv)
5. Mandat for Læringsmiljøutvalet (LMU) (oppsummering herfrå)
6. Rutine for internkontroll
 - a. Internrevisjon
 - b. Emneevaluering (syklisk kvart 3. år, med unntak av maritim utdanning som har krav om evaluering kvart år)
 - c. Programevaluering (syklisk kvart 6. år, med unntak av maritim utdanning som har tredjepartsvurdering kvart 5. år)
7. Akkrediteringsprosessar

Referansar

Fagskoleloven. (2018). Lov om høyere yrkesfaglig utdanning. Lovdata. Med tilhøyrande forskrifter.

NOKUT. (2018). Kvalitetsområder for høyere yrkesfaglig utdanning. NOKUT - https://www.nokut.no/siteassets/fagskole/kvalitetsomrader_for_hoyere_yrkesfaglig_utdanning_november_2018.pdf.

Slette, A., Lyckander, R., Flobakk-Sitter, F., Furholt, J., & Skålholt, A. (2025). Kvalitetsbegreper i høyere yrkesfaglig utdanning. FIFU - <https://nva.sikt.no/registration/0199755adb5e-0c8609b2-19da-43e2-9caf-5aa7e1b39a4c>.

Styret for Fagskolen i Vestland

Vedteke [dato]